

Til føresette i skulane i Hå

Stad/Dato Varhaug, 22.12.2022

Ny portal for føresette i Visma Flyt Skole

Dagens *hjemmeweb* for føresette i Visma Flyt Skole tilfredstiller ikkje lengre EU-krav til universell utforming. Visma har difor lansert ein ny portal for føresette, som me skal aktivera for dykk ved oppstart etter juleferien, januar 2023.

Den nye *foresattportalen* fungerer optimalt i samspel med *Min skole foresattappen*. Merk at nokre funksjonar som de kunne utføra i den gamle *hjemmeweben* vil ikkje vera tilgjengelege i den nye portalen, men berre kunne nyttast via appen. Til dømes er det ikkje mogleg å senda meldingar i ny portal. Til meldingar må de bruke appen.

Pålogging

De loggar på via same lenkje som tidlegare: <u>https://skole.visma.com/ha</u> . Klikk så på 'Visma Foresattportal'. Denne har adressen: <u>https://foresatt.visma.no/ha</u>

Visma Flyt Si	kole		
Logg inn med ID-porten	Logg inn med Feide		
🔖 Visma Foresattportal			
💊 VISMA			



På mobilen byter du samlaust mellom appen og ei mobilvennleg visning av portalen:



Startsida

Den ørste sida de kjem til i portalen viser:

- barn føresett er kobla til øvst
- brukarmeny som kan opnast øvst til høgre
- venstremenyen som viser ulik funksjonalitet
- meir info om vald funksjonalitet i midten av skjermbildet



Brukarmeny

Øvst til høgre kan de klikka på eige namn for å få opp ein meny med

- Varslingsinnstillingar
- Min profil
- Språk
- Kontaktinformasjon

Varslingsinnstillingar

Øvst kan de velja å skru all varsling av eller på. Viss de har barn på fleire skular, vil de finna ein slik av/på-knapp per skule.

De kan korrigera eigne varslingsinnstillingar innanfor dei varsla skulen har skrudd på. F.eks viss skulen har skrudd på varsling via e-post og app for fråvær, så kan de skru av/på innanfor dette, men ikkje skru på varsling via SMS, då dette valet ikke er gjort tilgjengelig av skulen.

Varslingsinnstillinger			
Eikesdal Skole			
Varsler			O AV
Camillas skole			
Varsler 🔺			PĂ
Velg alle	🗌 E-post	🔵 sms	🗸 Арр
SFO-søknad	🔵 E-post		🗸 Арр
Fravær	🕑 E-post		🗸 Арр
Anmerkning	🕑 E-post	SMS	🖌 Арр
Søknader	🕑 E-post	SMS	

Viss de har barn på fleire skular kan de altså tilpassa varslingar per skule.

Min profil

Under 'Min profil' ser de dykkar eige namn, adresse og kontaktopplysningar. De kan klikke på 'Rediger' og endre e-postadresse og telefonnummer.

Språk

De kan bytte mellom bokmål, nynorsk og engelsk. Valt språk er markert med ei grøn hake.

Kontaktinformasjon

Under 'Kontaktinformasjon' kan de sjå kontaktopplysningar til alle skulane de har barn på. Dette inkluderer adresse, e-postadresse, telefonnummer og heimeside.

Dine barn

Når de er inne i portalen vil barna ligge tilgjengeleg øvst til eikvar tid. Skulen barna er aktive på ligg under namnet til barnet. Ved å klikka på namnet til barnet vil de få opp informasjon basert på valet til venstre.

Venstremenyen

Til venstre i portalen har de val og underval, som kan variera ut frå kva som er aktivert av funksjonalitet på skulen til barnet de står på.

- Søknadar
 - Din søknadshistorikk
 - Søknad om permisjon
 - SFO søknad, endringar og oppseiing
 - Søknad om redusert betaling
 - Søknad om skuleskyss
- Dokument og ressursar
 - Eleven sin dokument
 - Dokument frå skulen og lenkjer
- Digitale spørjeskjema

De har moglegheit til å skru av og på venstremenyen via blå pil. Menyen er open som standard. Viss de ikkje ser menyen, kan det vera fordi de har minimert han.

Lykke til med ny foresattportal!

Ta kontakt med skulen for rettleiing viss de treng det.

Mvh

Tenesteområde for opplæring og kultur

Hå kommune